



Radøy kommune
Radøyvegen 1690
5936 MANGER

Dato: 11.01.2016
Vår ref.: 2014/16194-10
Saksbehandlar: hanvie
Dykkar ref.:

Fråsegn til høyring av reguleringsplan, Kvalheimsneset serviceområde- Radøy kommune

Vi viser til brev datert om høyring av forslag til detaljregulering Kvalheimsneset serviceområde, gnr.28, brn. 63 m.fl. Radøy kommune. Hovudføremålet i planen er å leggje tilrette for eit fritidssenter med fritidsbustader, utleigehytter og småbåtanlegg. Føremålet er i hovudsak i samsvar med kommuneplan der området er sett av til næring.

Hordaland fylkeskommune vurderer reguleringsplanen ut i frå fylkeskommunens sektoransvar og målsettingar i regionale planar, i tillegg til oppstartmeldinga i brev av 06.05.2014

For utfyllande planfaglege råd viser vi til internettssidene våre: www.hordaland.no/plan/startpakke.

Vurdering

Planfagleg

Planen opnar opp for at delar av området regulerast til private fritidsbustader. Dette er i strid med kommuneplanen der arealet er sett av til næring. Hordaland fylkeskommune er generelt skeptisk til planar som legg tilrette for andre føremål enn det som er sett av i kommuneplanen. I planframlegget er det valt gode løysingar for å hindre at områda vert omgjort til reine private hytteområde. Vi er positive dei kombinerte føremåla for fritidsbustader /fritids og turistføremål og beverting, og at føresegnene sikrar hytteutleige i desse områda.

Barn og unges interesser

Det er sett av tilstrekkeleg areal for barn og unge, men det er ikkje synt korleis borna kan ferdast trafikksikkert i planområdet. Vi ber om at det vert teke omsyn til trafikksikring i det vidare planarbeidet.

Landskap, friluftsliv og strandsone

Planområdet inngår i landskapsområdet Kvolmosen - Austrevågen, som er registrert som eit smalsundlandskap verdisatt med stor regional verdi. Strandsona og fjorden er og ein del av det svært viktige regionale friluftsområdet Kvolmo - Byngja. Planen har føresegner som sikrar landskap og terrengr. Vi ber om at dette vert vektlagt ved utbygging av området.

Store delar av dei nye utbyggingsområda ligg i skogsområde. Vi ber om at det vert teke omsyn til vegetasjon og naturmangfold ved utbygging av området. Det hadde vore positivt dersom ein hadde lagt tilrette for ein hogstplan i skogsområda som utbyggast, slik at ein i størst mogeleg grad kan bevare eksisterande vegetasjon. Dette gjeld særleg områda BKB 3- BKB 7, som ligg med innsyn frå fjorden.

Vi ber om at f_SGS1 vert opparbeida slik at allmenta føler seg velkomme til å vandre mot f_GB. Det må ikkje settast opp stengslar som hindrar allmentas ferdslle ned til og i områda langs sjøen.

Kulturminne og kulturmiljø

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional styresmakt innan kulturminnevern. Vi har i dag ikkje kjennskap til automatisk freda kulturminne eller andre verneverdige kulturminne innanfor planområdet. Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, utover at ein under opparbeiding av feltet sokjer å unngå inngrep i/skade på eventuelle kulturlandskapstrekk som steingardar, eldre vegar/stiar, bakkemurar, tufter m.m.

Elles gjer vi merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekker med trekol eller konstruksjonar vert avdekt under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Hordaland fylkeskommune, og arbeid stansast til funnet er vurdert.

Då planen har areal i sjø har saka vore lagt fram for Bergens Sjøfartsmuseum. Sjøfartsmuseet kjenner ikkje til marine kulturminne som kan bli råka av tiltak etter planen. Elles gjer Bergens Sjøfartsmuseum merksam på at tiltakshavar er pliktig å gje melding til museet dersom ein under arbeid i sjøområda finn skipsvrak, keramikk eller andre marine kulturminne, jf. kulturminnelova § 14. Dersom kulturminne på sjøbotnen kan verte råka av tiltaket, må arbeidet under vatn straks stoppast. Verksemda må i så fall ikkje takast opp før museet har undersøkt og eventuelt frigjeve området. Eventuelle brot på desse vilkåra vil være i strid med føresegndene i kulturminnelova.

Konklusjon

Hordaland fylkeskommune har merknader til planforslaget når det gjeld barn og unge, landskap, friluftsliv, strandsone, kulturminne og kulturmiljø. Vi ber om at desse merknadene vert teke omsyn til i prosessen vidare.

Eva Katrine R. Taule
konst. plansjef

Hanne Kathrin Vie
saksbehandlar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Saksbehandlar:

Hanne Kathrin Vie, Planeksjonen, Regionalavdelinga

Monika Cecylia Serafinska, Fylkeskonservatoren, Kultur og idrettsavdelinga

Kopi til:

Statens vegvesen - Region Vest

Fylkesmannen i Hordaland